

Tubruk - ein annleis fotballklubb

Ein av dei fyrste kontaktane Netanyaforeningen fekk i den israelske vennskapsbyen til Stavanger var gymnastikklærer ved Ort School, Izack Peleg.

I 1997 var han ein av leiarane av eit handballag som var på Stavangerbesøk. Me hugsar godt kampen mot SIF som den gongen hadde eit av dei beste gutelaga for 18-åringar i Noreg. Før kampen spurde dei under-teikna om israelarane ville verta fornærma om SIF brukte ei jente som målvakt. Det vart til at dei toppa laget med bare gitar. Det var ikkje fritt for at eg kosa meg litt då Netnyalaget vann kampen. Izack som trena laget, var ikkje mindre stolt.

Izack som har mastergrad i idrett, brenn for faget sitt. Så det var nok eit tungt slag for han å mätta pensjonera seg alt som 56-åring. Bakgrunnen til dette er at Ort School fekk ein ny rektor som ikkje ville leggja noko stor vekt på idrettslege aktivitetar. Izack følte seg dermed overflødig. Med dette i tankane var det heller ein trist mann me venta å møte ved eitt av småborda utafor Hotel Residence i Netanya. Men me tok feil. Svært feil. No er det fotball han brenn for. Ja, ikkje kva som helst fotballag. No er det Tubruk Netanya han har engasjert seg i. Med stor glød fortel han om visjonane til klubben. Målet er ikkje fyrst og fremst å vinna kampar, men å gje eit tilbod til såkalla «risikoungdom» -å få dei bort frå gata og eventuelt narkotikabruk



og kriminalitet. Vidare er klubben ein stad der ungdom frå fleire kulturar kan møtast slik at dei kan forstå kvarandre betre. Stolt fortel han at på det beste Tubruk Netnyalaget var det spelarar med både arabisk og etiopisk bakgrunn.

Tubruk driv bare arbeid blant ungdom. Målet er å ha eit positivt tilbod i desse viktige åra, og ein håpar at nokre av spelarane etterkvart finn ein plass i ein av dei vanlege fotballklubbane. Ingen skal verta utestengde på grunn av dårleg økonomi. For ungdom som kjem frå heimar med små ressursar, er

alt gratis. Det kan og nemnast at all bruk av tobakk er forbode og gutane har ikkje lov å bruka øyringer og å farga håret.

Men det er økonomien Izack er spesielt opptatt av. Tubruk Israel får litt offentlig støtte, men er heilt avhengig av private bidrag. Så Netanyaforeningen bringar denne bøna frå Izack vidare til lesarane våre. Dersom nokre av dykk vil støtta dette viktige arbeidet i Netanya, er det bare å kontakta ein av oss i styret.

Trond Otto

Medlemskontingenten

For å være medlem i Netanyaforeningen, må det betales ny kontingent i 2009. Benytt gjerne den vedlagte giroblanketten inne i bladet. Det er til stor hjelp for oss at du gir opp ditt eget, evt. ektefellens navn, samt adresse uansett betalingsmåte. Uten nevnte opplysningen får vi nemlig ikke registret din innbetaling. Jo høyere medlemstall, jo større tilskudd og styrke får vi i samarbeidet med Stavanger kommune.

På forhånd takk!

Velkommen til årsmøte

Onsdag 29. april 2009 kl. 19.00 blir det årsmøte for Netanyaforeningen i Madla bydelshus, Åsta Kongsmorsgate 20.

Utenom de vanlige årsmøtesakene, vil Arne Karlsen fortelle og vise bilder fra det siste oppholdet sitt (mars 2009) i Israel. Men selvsagt blir det og kaffe og mye god prat rundt bordene. I det sittende styret er: Formann Arne Karlsen, nestformann Trond Otto, kasserer Jacob Hansen, styremedlemmene Jofrid Hansen, Aud Soldal og John Arne Håland. Einar Kråkevik er revisor.

Stoff til bladet

Vi setter stor pris på om du har noe å skrive om som angår bladet vårt og internetsida! Dessverre kommer det så altfor lite stoff inn til oss.

Det kan være om opplevelser eller meninger samt bilder i Israel og spesielt Netanya som andre vil like å få høre om. Stoffet eller ideene kan sendes inn til post@netanyaforeningen.no

På forhånd takk!

Takk til Sirdal!

Jeg fikk nettopp (25.02.2009) en svært så hyggelig telefon fra Sirdal kommune med beskjed om at de ville gi en honnør til Netanyaforeningen for det arbeidet som ble gjort for terrorofrene i Netanya. At vi legger veien som Sirdalen, tar de som en stor ære. En av opplevelsene som alltid vil bli husket av terrorofrene, er besøkene hos Ågot og Ivar Ousdal på Frysetøyfabrikken i Tonstad. En stor overraskelse å bli servert ekte norsk mat som lefser, lapper og lignende sammen med det beste syltetøyet de noen gang hadde smakt «langt uti fjellheimen». Jubelen stod i taket og sanger på hebraisk og norsk ljomet lang vei. I ettertid har Ågot og Ivar fått klengenavnet «The Marmoladas» og de har også vært på gjensisitt i Netanya og Israel.

I tillegg har Kvina Turservice med Per Ole Ousdal i spissen, flere ganger stilt buss til disposisjon for våre besøkende til meget gode vilkår.

Sirdalsposten og *Agderposten* har hatt store oppslag om besøkene. Sirdals ordfører hadde gitt beskjed til kultursjefen om at dette tiltaket skulle påskjønnnes med en pengesum i år, men per i dag vet vi ikke beløpets størrelse.

I alle fall: Vi takker Sirdal kommune og Ousdals så mye for påskjønnelsen og gjestfriheten!

God rabatt

Eirik Maaland i firmaet Amorz som driv med sal av israelske helseprodukt, fortel at ved å opplysa at du er medlem i Netanyaforeningen kan du få opptil 25% rabatt. Firmaet har no flytta frå Ryfylkegata i Stavanger til Kongsgata ved Kongeparken. Men du kan bestilla varer på post@amorz.no eller telefon 51 61 09 10/ 95 88 14 71. Der kan du eventuelt avtala ein hentestad i Stavanger.

Elles kan me visa til nettstaden amorz.no. I desse boikottidene er det svært viktig å kjøpa israelske produkt.



Miriam Fierberg (t.v.) ble gjenvalgt som ordfører i november 2008 med 82 prosent av stemmene. Boris er direktør for avdelingen med ansvar for Netanyas vennskapsbyer. (Foto: A. Karlsen)

Valget i Netanya

I november 2008 var det kommunevalg i Israel. I Netanya ble Miriam Fierberg gjenvalgt som ordfører, og hun fikk faktisk 82% av stemmene. Noe tilsvarende har visstnok ikke hendt tidligere i Israel. Det medførte selvsagt at kommunen slapp med den første valgomgangen i ordførervalget.

Boris var med i ordførerdelegasjonen fra Netanya rundt 17. mai i forfjor. Han er nå blitt valgt som direktør for avdelingen med ansvar for Netanyas vennskapsbyer. Boris likte seg så godt hos oss, at jeg tror ikke det går så altfor lenge før vi ser ham igjen her i byen. Edna Spitzer som også var med da, har arbeidet i den samme avdelingen i ganske mange år og fortsetter nok med å gjøre det.

Netanyaforeningen er meget glad for vennene våre i Netanya kommune og har sendt gratulasjoner til begge.

Netanyaforeningen støttar Holocaustutstilling

Holocaustavdelinga ved Rogaland krigshistoriske museum på Soma i Sola, vert vidareutvikla. Museet kan opplysa at det har vore svært stor interesse for dei «jødiske» montraner ved museet. No skal byggjast tri nye montraner. Det fyrste skal fortelja om livet og skjebnen til den kjende kjøpmannen Moritz Rabinowitz, medan dei to andre skal konsentrera seg om krigsflygarane Herman Becker frå Bryne/Stavanger og om Pilipp Foster frå Canada som er gravlagd i Egersund. Me ser det som viktig å visa - ikkje minst for den oppveksande slekta - kva rasisme og antisemittisme kan føra til. Netanyaforeningen har løyva 2000 kroner til dette prosjektet.

Netanyaforeningen i Stavanger Aftenblad

Stavanger Aftenblad arrangerte i januar eit ope møte der det vart diskutert kva rolle avisa spela under konflikten i Gaza. Det vart ein sakleg og god debatt med mange gode innlegg både frå salen og frå panelet.

Men me bør likevel peika på eit forhold som generalsekretær i Den norske Israelmisjonen, Per Larsen, viste til. Han hadde søkt på nettsidene til *Aftenbladet* med stikkorda "Nablusforeningen" og "Netanyaforeningen". Han fekk null treff på Netanyaforeningen, men for Nablusforeningen fekk han over 30 treff. Det same resultatet fekk han då søkjarorden var "vennskapsby". Vidare fortalde han at han tykte det var rart at *Aftenbladet* henta informasjon frå Nablus som var utafør konflikten, medan det var null interesse for Netanya som kunne ha soldatar på Gaza-stripen. Kva med å intervjuva familiane til ein av desse?

I eit innlegg frå salen vart det og peika på at ein hadde lese mykje om vennskapsbyen Nablus, medan det var nytt at Stavanger og hadde ein vennskapsby i Israel.

Sjefsredaktør i *Stavanger Aftenblad*, Tom Hetland, lova å gjera noko med dette misforholdet.

Etter denne lovnaden kan me pr. 17. februar registrera at avisa har offentleggjort ein større artikkel om Nablus, men me har ikkje funne noko som helst om Netanya.

Hana og «gjengen» på nyttårstur

Telefonen ringte rett før jul. Det var Hana Hakak som er gjenkjent av de aller fleste av oss som den tidligere dynamiske lederen for terrorofrene i Netanya. I og for seg er ikke det så uvanlig, men denne gangen hadde hun hadde et overraskende spørsmål: «Kan jeg, min venninne Nechama, og to barnebarn, Kohav (gutt på 24 år) og Hana (20 år) kunne komme og feire nyttår i Norge? Vi ankommer Sola 29. desember og returnerer 4. januar med morgenvlyet.» «Men hva er det dere vil her på den kalde årstiden?» spurte jeg. «De andre har ikke vært i Norge før og jeg vil oppleve en annen årstid enn sommeren og se snøen», var svaret. Jeg prøvde å advare, men selvsagt sa jeg ja før jeg kom på at vi har flyttet i en leilighet og at begge døtrene våre bodde hos oss i det aktuelle tidsrommet.

Jeg sendte ut et nødrops til medlemmer i Netanyaforeningen som tidligere hadde huset terrorofrene. Heldigvis slo mine tidligere gode erfaringer til, og flere tilbud kom inn. Det endte med at gjestene ble boende hos Jofrid og Jacob Hansen.

Gjestfriheten var det første de bet merke i. Hana hadde jo god erfaring fra tidligere og «førstereisdeltakerne» ble overveldet. Det varte ikke lenge før prat, spørsmål og diskusjoner gikk høylydt rundt bordet som om alle skulle ha kjent hverandre i årevis. At israelske aviser kunne skrive så mye negativt om det antisemittiske landet Norge, var for dem helt uforståelig.

Imidlertid hadde de ikke sovet noe særlig den siste natten eller dagen, så det ble heller en tidlig kveld. Neste morgen sto Ellen og Sven Tostensen utenfor. Våre gjester hadde nærmest halt seg opp av sengen der de satt med frokostbordet. I dag skulle de få seg en tur til Sirdalen, for de kunne ikke være bekjent av å ha vært i Norge uten å ha vært i kontakt med snøen. Forventningen sto i taket.

Tiden gikk og vi verken så eller hørte noe til dem. På kvelden ringte vi for å høre, men opplevelsene hadde stått i kø og tiden bare forsvant. Skianlegget kunne ikke forlates før det stengte. Venner skulle besøkes, men tiden strakk ikke til. Det ble en uvanlig dag som ikke vil bli glemt.

Kåre Kristoffersen, som har en ubeskrivelig tålmodighet, kjørte dem rundt et par dager hvor de ønsket. En god del av tiden gikk da med på shopping, sightseeing og vennebesøk. Tiden hadde de feilberregnet slik at Hana ikke rakk over alle dem hun ville besøke.

En tur til Jørpeland, måtte det bli tid til. Turen med Tauferja ble en opplevelse for de



Hana Hakak og barnebarna Kohav og Hana. (Foto: A. Karlsen)

førstegangsreisende. Nils Kjell sto på kaien og tok imot dem. Fjell og øyer spilte seg i fjorden og det gjør inntrykk uansett hvilken nasjon vi er fra. Men det varte ikke lenge før gjengen satt i sofaen med en blanding av israelske og norske snacks mens historier og diskusjoner gikk høylydt. Kohav og «Mini-Hana» ville helst ut og se på naturen etter at de hadde sett en video fra Prekestolen. Det var både iset og kaldt så noen tur dit ble ikke aktuelt denne gangen, de måtte nøye seg med Prekestolhytta. Rimen på trær, busker og gress imponerte. For første gang i livet våget Kohav å prøve å gå på vannet. Det begynte bra, motet vokste raskt inntil han plutselig gikk gjennom isen. Men også det ble en opplevelse han ikke ville vært foruten.

Hva var vel bedre enn varm suppe og fiskekaker da vi vendte tilbake?

Ellers ble Kohav intervjuet av *Stavanger Aftenblad*. Han regnet med at det lå en innkallelse i postkassen da han kom hjem og at han ble sendt nordover. Krigen som startet i Gaza mens de var her, involverte naturlig nok samtlige en god del.

Nyttårskvelden ble også uforglemmelig. Da var israelerne sammen med kjente og ukjente venner og nye kontakter ble oppretter. «Havet» med raketter imponerte og de hadde ikke sett maken. Kohavs reaksjon var at i Israel hadde det jevnere fordelt gjennom hele året, men de var dessverre mer skadelige raketter.

Sabbatskvelden ble feiret sammen med en del venner hos vertskapet. Kontrasten mellom alvor og lifflighet var stor og var med på å knytte oss enda mer sammen. Kohav ledet den religiøse delen selv om han sier han ikke er religiøs. «Mini-Hana» kommer fra en sterkt religiøs familie og debatten

mellom dem kan til tider heller være sterk. Sluttreplikken ble avsluttet med setningen, «Du sier at du ikke er religiøs, men det er forunderlig at det er ingen her som snakker så mye om det på hele turen som du!»

Vel hjemme igjen, har vi fått så mye takk og til og med pakker i posten. Uttrykk som fantastisk, *yoffi*, dette vil jeg aldri glemme, takk for at vi fikk komme og lignende, kommer stadig igjen. Akkurat nå er vertskapet Jofrid og Jacob på gjensisitt hos Hana der de stortrives. I kommende måned reiser også undertegnende ned og får nyte gjestfriheten. Eller som Nils Kjell og Hildur på Jørpeland sa det i en telefonsamtale til meg i kveld: «Takk for alt du har bidratt med slik at vi har fått så mange israelske venner som vi er blitt velsignet med. Skulle bare ønske at langt flere hadde fått øynene åpnet for hvilken berikelse det er for begge parter uansett meninger, kultur og religion det er å kunne ha et aktivt vennskap med hverandre!»

Arne Karlsen

Netanyaforeningen

Netanyaforeningen
Postboks 1020
4091 Hafslund

www.netanyaforeningen.no
post@netanyaforeningen.no
Bankgiro : 93650547762
Org. nr. 986 339 000

Kontaktpersoner

Styreleder Arne Karlsen:
arne@karlsen.in
Tlf: 51871892 / 99691782

Nestleder Trond Otto: Tlf: 51651862
trond.otto@sola.kommune.no

Vasstårnet i Netanya

At Israel har ei svært gamal historie er noko som alle veit. Minnesmerka om den gamle kulturen vert tatt godt vare på. Det er det talrike dome på. Me kan bare tenkja på Mazada, utgravingar i Jerusalem, Bet Shean osv.

Men kva med den nyare historia? Perioden då det vart meir og meir aktuelt at jødane skulle samlast i det gamle heimlandet sitt? Er ikkje denne kulturen og verdt å ta vare på? Dette var tankar som rektoren ved Neomi Shemes School i Netanya, Dalia Friedman, leika med då det vart snakk om å riva eit gammalt vasstårn som ligg i nærleiken av skulen. For lesarane våre som har vore i Netanya, kan me opplysa at tårnet er plassert ved sjøen eit par hundre meter nord for Hotel Salomo. Saman med elevar på skulen ville ho undersøkje historia bak dette tårnet. Var det bare eit vanleg vasstårn som det finst mange av Israel?

Med stor entusiasme fortel Dalia kva dei fann. På dette området var det i 1930-åra ein kibbutz. Medlemmane i kibbutzen fiska og dreiv jordbruk.

I Europa vart situasjonen verre og verre for jødane. Mange av dei prøvde å flykta, og for mange var Israel eit naturleg mål. Men engelskmennene som hadde kontrollen i denne perioden, stoppa og sende til-



bake til Europa alle flyktningane som dei fekk tak i. Det var stadig vaktpatruljar ute for å stoppa denne «ulovlege» innvandringa. Det er no det gamle vasstårnet spelar ei stor rolle. Det var lett å få auga på tårnet

frå sjøsida der det ruva i terrenget. Med eit lys på toppen greidde kibbutzmedlemmane å gje melding om når kysten var klar, når det var trygt å koma i land. På land fekk flyktningane raskt på seg vanlege kibbutzklede for ikkje å verta oppdaga.

På denne måten vart ca 2000 personar «smugla» inn til Netanya. Dei fleste av dei kom frå Polen. Når me veit kva som seinare skjedde med jødane i Europa, tar me ikkje for sterkt i når me seier at tårnet var med på redda livet til mange menneske.

Dette er bakgrunnen for at Dalia Friedman stod i spissen for prosjektet om å ta vare på «*the watertower in Netanya*». Ho viser oss mange gamle bilete frå kibbutzperioden både av tårnet og det daglege livet blant medlemmane.

Men Dalia gjev seg ikkje med dette. Ved sida av tårnet står det i dag eit gammalt hus som kibbutzen brukte som barnehage. Dei tri vindaugo i dette huset vart og brukt i det farlege spelet med lyssignal. - Dette huset har derfor ei stor historisk verd, held ho fram. Så neste prosjekt vert å få styresmaktene med på å ta vare på det. Med den iveren og entusiasmen ho viser er me sikre på at dette kjem ho og til å greia.

Trond Otto

Et besøk på kryddermarkedet i Netanya

David Yordat driver en krydderi- og oste-butikk rett ved siden av det store frukt og grønnsak-markedet i Netanya. Han slår som regel alltid av en prat som ofte fører til at vi løser verdens problemer i alle fall på det teoretiske planet.

David var ansatt i et medisinsk firma som solgte det mest moderne, elektroniske utstyret til sykehus og behandlingssentre. Kona var en høyere offiser i hæren. Økonomisk lå de en del over gjennomsnittet i Israel, men de syntes livet var lite utfordrende. «Kona mi er svært sjefete, men hun er en av de beste sjefene som finnes. Hun bestemte at vi skulle gjøre noe radikalt nytt og starte en kryddeributikk for 11 år siden. Jeg er bare ansatt her. Men det er utrolig å se hvor mange interessante folk vi kommer i kontakt med. Vi lærer mye av og med hverandre. Økonomisk og trygghetsmessig er det svært dumt det vi gjorde, men «*Baruh Hashem*» (Gud være lovet): Vi har tak over hodet og nok brød å ete og ikke minst:



Livet er blitt mye mer interessant å leve. Vi har ingenting å angre på!»

Vareutvalget består av et mangfold av forskjellige urter, krydderier, te, bønner, korn, gryn, ris, fiken, dadler, nøtter og lignende. Her får du svar på det meste når det gjelder opprinnelse, anvendelse og ikke minst bruksanvisninger. Er du forkjølt, fryser eller har ubehag, betro deg til David og du får gode råd med på kjøpet. «Krydderier har vært verdsatt fra gamle bibelske

tider. De gjør maten bedre, spennende, variert, livet blir rikere og mye sunnere. Vi satser på et rikt utvalg, kvalitet og ferske varer. Kvalitetskravet vårt har ført til at folk også kommer langveis fra for å handle og de kommer stadig igjen,» fortsetter han.

Lokalene er ikke noe å skryte av, men de prøver å gjøre noe med det. Foruten krydderiene, ostebutikken, driver de også en kaffe/te-sjappe hvor du får akkurat det slaget du ønsker. I tillegg har han en mengde bøker de får og som alle kunder kan forsyne seg fritt av. Maleriutstillinger og musikk/sang/folkedans-arrangementer får de i stand med jevne mellomrom. Han viser fram artikler fra aviser og matmagasiner med de forskjelligste vinklinger.

Ekteparet har også utvidet vårt syn og forbruk på dette tidligere ukjente området for oss hjemme i Stavanger. Bare trist at vi totalt får kun 20 kg. med oss i bagasjen hjem igjen.

Arne Karlsen